

Tilleggsinformasjon om bygningane som det blir søkt om å få satt opp på gbr. 162/2.

Beskriving kulturminnet:

Det er to objekt som skal reparerast og setjast opp. Ei toplans røykstove/sperrestove og eit stabbur frå Heggland gard gbr.106/4 på Tysnes.

Det er også eit eldhus som skal setjast opp saman med desse to bygga.

Desse bygningane blei demontert og lagra i 1952 med den hensikt å førast opp i eit museumsprosjekt. Dette blei ikkje noko av. Bygningane blei ikkje fotografert eller målt opp før demontering.

Røykstova har årstalet 1770 skåret inn i laftet. Det kan vere deler som er eldre.

Konstruksjonen: Laft (ovaltelgjet innvendig), beitskier og betar har ifølgje fagfolk, høg verdi og handverkskvalitet. Stabburet er ikkje undersøkt ennå. Det arbeidast med å finna fleire opplysningar om bygga og sogelagets vurdering av desse i forbindelse med demontering og flytting i 1952.

Beskriving av dagens bruk:

Tysnes muselag har hatt dette sidan 1952. Privat overført til Olav Laukhamar i 2016. Tysnes muselag lagra dette i ei løy og der ligg det ennå.

Objektet har inga formell vernestatus, men har høg kulturminneverdi som historisk dokument i Tysnes.

Beskriving av framtidig bruk:

Være ein del av nærings- og formidlingsvirksomheten me driv på garden. Me driver med utleige av rorbuer ved sjøen. Planlegg å ha evt.kurs og tilstellingar i røykstova for besøkande.

Tysnes kommune	
Saks.hands: Vist	Kopi til:
- 6 NOV 2017	
Saknr. 17/728-3	J.nr. 6935/17
Arkivnr. 105	U.off: §